

Fornøgde born i spennande aktivitetar.

03.08.2017



Ivrige born og vaksne lagar draumefangar.

Over 130 born deltar i dei ulike aktivitetane under FestidaGen. Tilbodet er variert og spennande då ein tilbyr aktivitetar som ikkje vi har her til vanleg. Dette vart sett pris på og einskilde deltakarar er med på inntil 3 aktivitetar. I tillegg til deltakarar frå store deler av Kvinnherad er det også ein god del tilreisande blant dei som er med.



Lotta og Åshild viser fram dei flotte draumefangarane dei har laga.

For dei aller yngste var det fleire aktivitetar. Det starta med instrumentbygging der dei laga både gode rytmeinstrument og instrument med fine tonar. En svært koseleg aktivitet var det å laga draumefangar. Der såg det ut til at både borna og dei vaksne kosa seg like mykje. Elles var det også eit spesielt tilbod med Nysirkus for dei yngste, - Mini-nysirkus.

Nysirkus var det også for to eldre grupper. Her var det både sjonglering, ballansering, klatring, diablo formasjonsturn og mykje anna kjekt. Mange imponerande kunster var å sjå her. Character Design-gruppa arbeidde i leire, og ivrige og nøyaktige laga dei mykje fint som læraren Espen Attramadal skal brenna.

Make Up & Hår-gruppa kom i gang, og i dag konsentrerte dei seg om make up og smink. I morgen er det håret som skal stylast! Redesign-gruppa var også godt i gang med saks og symaskin då eg var innom. Svært ivrige var dei, og eg er sikker på at dei kjem til å ha mykje fint å visa fram når dei er ferdige etter morgondagens økt.

Marimba-orkester hadde alt fått godt tak på dei afrikanske rytmene, og det kjem til å svinga skikkeleg! Allereie no høyrdet det veldig bra ut. Den brasilianske læraren Mauricio Weimar var også svært fornøgd.
- Veldig, veldig bra! Hugs det er første gang de spelar marimba, rosa han elevane.

Nokre av aktivitetane held fram i morgen, og då kjem også nye aktivitetar til. Smakebitar frå nokre av aktivitetane får vi på FestidaGen-showet på laurdag kl.13.30. Fram til då får de nøya dykk med smakebitane som bilda viser.



Isa Maria syntes det hadde vore kjekt på instrumentbygging



På Character Design laga dei mykje fint i leire.



Marimba-gjengen fekk fort tak på dei afrikanske rytmene.



Redesign-gruppa i konsentrert arbeid.



Forventningsfulle jenter klar for make up & hår.



Ebba var skikkeleg ballansekunstnar på Mini-nysirkus.



Elena heldt ballansen på lange bein.



Aurora og Emmie kosa seg med is etter at dei hadde prøvd seg som nysirkusartistar.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland